

**Møte onsdag den 17. november kl. 10**

President: L o d v e S o l h o l m

D a g s o r d e n (nr. 14):

1. Spørretime
  - muntlig spørretime
  - ordinær spørretime (nr. 4)
2. Referat

**Presidenten:** Den innkalla vararepresentanten for Oslo, Berit *Kvæven*, har teke sete.

Representanten Ågot Valle vil sette fram eit privat forslag.

**Ågot Valle (SV):** På vegne av Kristin Halvorsen og meg sjøl fremmer jeg forslag om en nasjonal handlingsplan for barnevernet.

**Presidenten:** Forslaget vil bli handsama på den måten reglementet føreset.

S a k n r . 1

*Spørretime*

- muntlig spørretime
- ordinær spørretime

*Muntlig spørretime*

**Presidenten:** Stortinget mottok måndag melding frå Statsministerens kontor om at følgjande regjeringsmedlemmer vil møte til munnleg spørjetime:

- statsråd Jon Lilletun
- statsråd Marit Arnstad
- statsråd Laila Dævøy

Dei annonserte regjeringsmedlemene er til stades, og vi er klare til å starte den munnlege spørjetimen.

Dei representantane som i tillegg til dei førehandspåmelde ønskjer å stille hovudspørsmål, blir bedne om å reise seg. – Takk.

Då startar vi med første hovudspørsmål, frå representanten Sylvia Brustad.

**Sylvia Brustad (A):** Jeg har et spørsmål til arbeids- og administrasjonsministeren.

Boligproblemet for mange unge blir større og større i takt med at boligprisene stiger, og det gjelder spesielt i våre store byer. Det å ha en bolig burde jo være en menneskerett for alle, men i dag er det slik at det er over 7 000 mennesker i landet vårt som ikke har noe sted å bo. Det er et faktum at staten eier ganske mye boligmasse. Mye av denne boligmassen står faktisk tom, og mye av den burde kunne ha vært omgjort til boliger, bl.a. for unge og vanskeligstilte.

Mitt spørsmål er: Vil statsråden ta et initiativ for å få en skikkelig gjennomgang av den boligmassen som staten eier for å se om det er noe av den som fort og raskt kan gjøres om til boliger for unge og vanskeligstilte?

**Statsråd Laila Dævøy:** Det er et viktig spørsmål som reises her. Vi er også kjent med at det har vært store problemer på boligmarkedet, kanskje spesielt når det gjelder unge i Oslo-området.

Jeg har lyst til å nevne én sak som har vært diskutert en del knyttet til dette. Det er Hausmannsgate, der vi i dag faktisk har en del okkupanter. Når det gjelder akkurat den saken, er Statsbygg i ferd med å se på om denne boligen fortsatt kan være egnet til bolig med tanke på unge.

Når det så gjelder spørsmålet generelt, er jeg ikke uvillig til å se på om staten kan ha boliger som kan egne seg til boliger for unge, men det betyr ikke at staten vil leie ut boliger. Det er vel heller ikke det spørsmålet i og for seg går på, men om vi kan stille boliger til disposisjon. Det vi også tidligere har sagt, er at det kan tenkes at det er en del hus som er regulert til næringsformål, som med fordel kunne vært omregulert.

Det er også slik at det er den enkelte kommune som har hovedansvaret for boliger og for regulering. Jeg hadde for ikke mange ukene siden en kort samtale med byråden i Oslo, der vi i fellesskap diskuterte om vi kanskje burde sette oss ned også sammen med kommunalministeren for å se på disse problemstillingene når det gjelder boliger spesielt med tanke på unge. Så svaret er ja, jeg kan være villig til å se på det.

**Sylvia Brustad (A):** Jeg takker statsråden for svaret, og er glad for at statsråden er villig til å ta en gjennomgang av statens boligmasse, for det er klart at selv om kommunene har et hovedansvar for dette, har også staten et klart ansvar.

La meg følge opp med et konkret prosjekt. Det er en kjent sak at budrunden for den gamle rikshospitaltomta, det som skal bli det nye Pilestredet park i Oslo, om få dager går ut. Jeg tror ikke jeg tar mye feil om jeg anslår at boligprisene der vil bli meget høye, og at det ikke vil bli særlig mange boliger som vil bli tilgjengelige for vanlige folk. Kunne det ikke være en idé at én av tomtene på den gamle rikshospitaltomta stilles til disposisjon for utleieboliger for ungdom, slik at en hindrer at også dette området blir Holmenkollåsen på flat mark?

**Statsråd Laila Dævøy:** Det kan jeg ikke ta på sparket og svare ja eller nei på, men jeg tar med meg representantens syn på det spørsmålet.

Uansett har jeg lyst til å presisere at jeg ikke er innstilt på at staten eller Statsbygg selv skal begynne å leie ut boliger. Skal man gjøre dette, må det i så fall være kommunen som engasjerer seg i sosial boligbygging. Men jeg tar med meg – skal vi si – forslaget, for jeg kan ikke svare direkte på det her og nå.

**Presidenten:** Vi går til neste hovudspørsmål.

**Petter Løvik (H):** Eg vil gjerne stille eit spørsmål til kyrkje-, utdannings- og forskingsministeren:

Kvaliteten i skulen er noko vi må legge sterk vekt på i åra framover. Vi har i den seinare tid sett ein høg strykprosent og veldig dårlege resultat frå høgare utdanning.

Høgre har i lengre tid vore bekymra med omsyn til nivået i vidaregåande opplæring, spesielt i allmennfag, som i sterk grad skal vere studieførebuande. No får Høgre delvis støtte i sitt syn frå leiaren av Lærarforbundet, som til VG 12. november seier:

«Studiemotiverte elever må få et bedre tilbud. Allmennfaglig studieretning ivaretar ikke sin studieforberevende rolle godt nok i dag ... det er bekymringsfullt at de faglige kravene er blitt svekket.»

Eg synest at dette er interessante tankar, og eg vil gjerne spørje korleis statsråden ser på dette.

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg trur at representanten Løvik og eg deler det synet at vi heile tida må leggje vinn på kvalitet. Samstundes har vi ein situasjon der nesten heile ungdomskullet er i vidaregåande opplæring, og det set nye utfordringar, men gjev òg nye moglegheiter til vidaregåande skule.

Når det gjeld Reform 94 og evaluering og oppfylgning av den, har den akkurat vore gjennom ei stor forskingsbasert evaluering. Den har vore til behandling i Stortinget, og ei rekkje tiltak er føreslegne og vil verte sette i verk. I den prosessen var det ikkje noko innspel korkje frå Lærarforbundet eller andre i høyringsrunden om på ein måte ei lagdeling innanfor allmennfaga, slik som det kan verke ligg bak representanten Løvik sitt spørsmål. Derimot er eg heilt samd i at vi må få ei ytterlegare tilpassa opplæring og ei differensiering innanfor dagens system som gjev fleire utfordringar til dei som klarar seg best, og som er flinke.

Eg trur at der er det mykje å gå på. I forhold til Reform 94 er strukturen på plass, men vi må gjere endå meir når det gjeld differensiering, når det gjeld tilpassing og når det gjeld innhaldet i reforma. Eg trur at dess lenger vi kjem i å setje elevens eige ansvar for læring i fokus, dess meir vil det òg verte å strekkje seg etter. Så eg meiner at vi er på rett veg. Eg registrerer òg med interesse at leiaren for Norsk Elevorganisasjon ikkje i det heile støtta tankane til Anders Folkestad slik dei kom fram i VG-oppslaget. Men no ser eg ikkje bort frå at Anders Folkestad samla sett har eit breiare syn enn det som var attgjeve i VG.

**Petter Løvik (H):** Ei av problemstillingane er at vi no har fått store delar av kulla inn på allmennfag, og at det der er ei stor spreing både i interesser og evner. Og då er det eit spørsmål om nivået på ein del område har vorte så lågt at ein del ikkje er fagleg i stand til å begynne på eit studium. Statsråden sa sjølv i eit svar på eit spørsmål frå meg i juni 1998, der eg tok fram dei dårlege resultatane spesielt i matematikk frå universitet og høyskular, at ei av årsakene til den høge strykprosenten kan vere at det faglege grunnlaget frå vidaregåande opplæring generelt er svakt. Dette synest eg at vi må ta konsekvensen av. Det treng ikkje bli superklasser, men det kan bli klasser som er delte ut frå kva motiv og kva interesse den enkelte eleven har. Betyr statsråden sitt svar her at statsråden ikkje vil gå vidare med dette? Innspela om desse problemstillingane mangla ikkje når det gjeld Reform 94 heller.

**Statsråd Jon Lilletun:** I aller høgste grad vil statsråden gå vidare. Det er vi i full gang med, og det er ei vedgåing av at frå byrjinga av 1970-talet og fram til i dag har realfaga ikkje hatt nok merksemd i skulen, og matematikk som representanten Løvik her viste til, er eitt av faga. Der har ein gjennom Reform 97 fått betra fagplanen ganske mykje. Akkurat i desse dagane går vi gjennom fagplanane for å korrigere Reform 94 slik at den skal passe betre i hop med Reform 97 og i forhold til det universiteta skal undervise i vidare.

Vidare set vi i gang eit stort prosjekt på nasjonalt plan som skal gå gjennom tilpassa opplæring, korleis vi kan gje tilstrekkelege utfordringar til dei som er gode, samtidig som vi syter for òg å få med oss med tilpassa undervisning dei som slit. Eg meiner at vi er i svært godt gjenge med å ta vare på det som representanten Løvik her tek opp, og det får vi sikkert høve til å kome attende til òg.

**Presidenten:** Det blir oppfølgingsspørsmål – Sigvald Oppebøen Hansen.

**Sigvald Oppebøen Hansen (A):** Ja sjølvsagt skal me leggje vekt på kvalitet i undervisninga. Frå Arbeidarpartiet si side ønskjer me å ha individuelt tilrettelagd undervisning både for såkalla veike elevar og for såkalla sterke elevar i felles klasserom og ikkje i dei såkalla superklassene som nå er lanserte. Og der skal ein leggje vekt på både prosjekt og nærleik til lokalsamfunnet og arbeidslivet. Kan eg få ei stadfesting frå statsråden på at det òg er Regjeringa sin politikk.

**Statsråd Jon Lilletun:** Slik eg prøvde å seie det i dei to førre svara, skal eg gjenta det no, at vi ynskjer felles klasser, og vi ynskjer tilpassa undervisning der vi må verte betre enn i dag til å gje dei gode utfordringar. Det trur eg er viktig, men det er òg mellom 10 og 15 pst. som slit frykteleg av dei som klarar seg dårlegast, og det er like viktig å gje dei tilpassa utfordringar. Slik som representanten Sigvald Oppebøen Hansen stilte spørsmålet, trur eg at vi er heilt på line i forhold til kva som det er nødvendig å satse på. Det skal vere god kvalitet for den som slit mest, men det skal òg vere kjempegod kvalitet for dei som verkeleg kan strekkje seg, og det er tilpassa opplæring på sitt beste slik denne statsråden ser det.

**Presidenten:** Inge Lønning – til oppfølgingsspørsmål.

**Inge Lønning (H):** Jeg oppfatter det slik at statsråden er enig med spørsmålsstilleren i at det overordnede hensyn må være å utnytte de menneskelige ressursene så godt som mulig. Min erfaring etter et langt liv ved et norsk universitet er at de dyktige, teoretisk flinke elevene aldri har lært å jobbe når de begynner å studere som 19-åringer. Det viktige hensyn må jo være at man lærer å utnytte seg selv på et langt tidligere tidspunkt enn det.

Så jeg gjentar spørsmålet fra Løvik: Vil statsråden konkret gjøre noe for å stimulere til større frihet, også or-

ganisatorisk frihet, i videregående opplæring, som gjør at alle elever blir nødt til å anstrenge seg like mye?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg trur eg vil reservere meg mot det siste, at dei skal «anstrenge seg like mye». Eg trur at representanten Lønning og eg er einige om at den typen matematikk og matematisk likskap får vi ikkje til, og det strever vi i og for seg heller ikkje etter, men alle skal mest mogleg måtte «anstrenge seg like mye».

Eg trur at ei undervisning som byggjer på elevmedverknad, ei undervisning som byggjer på prosjekt, ei undervisning som i mykje større grad gjev læraren eit rettleiingsansvar, slik det ligg i intensjonen med reforma, men som det enno er langt igjen før vi er i mål med, vil gje det resultatet som representanten Lønning er ute etter. Det er opplagt at det er ein del som har flote lett igjenom. Eg var seinast for nokre dagar sidan med på presentasjonen av eit prosjekt der ein del elevar sa det. Då må det vere legitimt å ytterlegare krevje noko meir av dei i slike prosjektarbeid, men samstundes må vi òg ta med oss dei som faktisk slit.

**Presidenten:** Øystein Djupedal – til oppfølgings spørsmål.

**Øystein Djupedal (SV):** Jeg er glad for at statsråden så klart avviser Høyres ønske om kursplaner og nivådifferensiering. Det er et kunnskapssyn som jeg fullt ut deler. Det finnes åpenbare indikasjoner på at kvaliteten i et litt utvidet begrep ikke er som den skulle være. Grunnene til det er nok mange – at læringslysten ikke er til stede, at kreativiteten ikke er til stede, at skoletrøttheten, særlig på ungdomsskolen, men kanskje også i videregående skole, har fått anledning til å bre seg.

Da er spørsmålet: Hvordan sikrer vi at hver enkelt elev får muligheten til å utvikle sine evner og sin kreativitet når skolen kanskje fremstår i for stor grad som firkantet og med for lite ressurser til å møte hver enkelt elev? Hovedproblemet – tror jeg – for mange elever, mange skoler og mange lærere er at man ikke har ressurser til å nå de fine mål som ligger i læreplanen fordi ressursituasjonen i skolen er så trang. Det som må være utfordringen til ministeren, er: Hvordan skal vi sørge for at vi får ressurser inn i skolen for å kunne nå de mål som Lilletun akkurat nå var inne på, og som står i læreplanen?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg set pris på det store engasjementet som både representanten Djupedal og SV har i forhold til å setje skulen på dagsordenen.

No gjaldt det fyrste spørsmålet frå representanten Løvik vidaregåande skule, men svaret her trur eg eg vil gje i forhold til ungdomsskulen, for det er heilt rett at det er der på ein måte glansen i auga forsvinn, og det er der ein etterspør det som ligg i læreplanen, men som ein ikkje har klart å utvikle i ungdomsskulen. Neste tysdag skal vi ha ein stor nasjonal konferanse om ungdomsskulen, som i stor grad byggjer på høyringane som vi arrangerte saman med Barneombodet tidlegare i år. Det vi gjer i statsbudsjettet, sjølv om mange synest det er for lite, er at

vi over doblar satsinga på etterutdanningssida, vi satsar på lærararen og læraren sin kompetanse. Det som trengst no for å fylgje opp reformene er at vi gjev lærarane moglegheit til å verte trygge på at vi kan nå dei gode måla som vi har sett oss. Eg er einig med representanten Djupedal i at vi har eit stykke veg igjen, men vi har begynt å gå på vegen.

**Presidenten:** Det er bra.

Vi går vidare til neste hovudspørsmål.

**Øyvind Vaksdal (Frp):** Mitt spørsmål går til olje- og energiministeren.

Regjeringen har i sitt forslag til statsbudsjett foreslått en kraftig økning i elavgiftene, og nå ser det dessverre ut som at de ved hjelp av Arbeiderpartiet får flertall for dette. Regjeringen sier videre at den varslede økningen skal kompenseres med økt minstefradrag. Dette kan i utgangspunktet høres veldig tilforlatelig ut, men hva med dem som har minst av alle, nemlig minstepensjonister og andre som ikke betaler skatt. De vil ikke nyte godt av et økt minstefradrag. Det er jo nettopp mange av disse som på grunn av svak økonomi bor i trekkfulle hus og leiligheter som trenger mye strøm til oppvarming. Ser ikke statsråden den åpenbare urettferdighet som ligger i forslaget, og hva vil statsråden gjøre for å rette opp dette for noen av de svakeste i samfunnet?

**Statsråd Marit Arnstad:** Det er riktig at Regjeringen har foreslått en moderat økning i elavgiften, og det er også riktig at en så langt som mulig har forsøkt å kompensere for de svakest stilte ved at man øker minstefradraget og dermed langt på vei utjamner økningen i elavgiften for dem som har de laveste inntektene. Det er riktig at økt minstefradrag ikke slår ut for minstepensjonister, og jeg ser at denne gruppen kan komme en smule uheldig ut i forhold til elavgiftsøkningen. Det er også et tema som en blir nødt til å ta med seg videre i forhold til framtidig avgiftspolitikken på dette området og også i forhold til kraftprisen generelt.

Nå har jeg lyst til å minne representanten Vaksdal om at kraftprisen i Norge er meget lav sammenlignet med de land vi kan sammenligne oss med, og at den økningen som elavgiften nå representerer, er rimelig beskjeden. En mulighet til å kompensere elavgiftsøkningen hvis man f.eks. bor i et veldig trekkfullt hus, er at man benytter seg av de mulighetene man har til å få gratis enøk-rådgivning for nettopp å forhindre at huset i framtida blir så trekkfullt som det er. Det finnes en bedre mulighet for det nå enn det noen gang tidligere har vært.

**Øyvind Vaksdal (Frp):** Jeg takker statsråden for svaret.

Den varslede økningen i elavgiften vil sannsynligvis ha liten innvirkning på forbruket annet enn å være en ren fiskalavgift for det offentlige, mens den nye grunnavgiften på mineralolje, som også innføres samtidig, vil føre til en vridning fra olje til elektrisk oppvarming. Dette skyldes ikke minst at nærmere halvparten av det norske

elforbruket er fritatt for avgift. Resultatet av dette vil jo bli en svekket nasjonal forsyningssituasjon og økt import av kullkraft. Er ikke dette stikk i strid med Regjeringens målsetting på området?

**Statsråd Marit Arnstad:** For det første må jeg si at jeg ikke helt deler representanten Vaksdals synspunkt om at elavgiftsøkning ikke har noen virkning. Jeg tror at det har en virkning i form av økt bevissthet om sitt eget energiforbruk og om muligheten for å faktisk ta i bruk en del av de ordningene man etter hvert har fått etablert omkring energiøkonomisering. Da kan folk ikke bare spare inn elavgiftsøkningen, men de kan faktisk få reduserte kostnader i forhold til det opprinnelige budsjettet. Der som man øker avgiften på elektrisk strøm, er man også nødt til samtidig å øke avgiftene på bruk av olje, slik at man hindrer en overgang fra el til olje. Det vil i tilfelle være en overgang som vil være uheldig ut fra forurensningsmessige synspunkt. Jeg er enig i at vi må se på de videre konsekvensene knyttet til andre energikilder. Men det tror jeg vi må gjøre på andre måter enn å si at det i seg sjøl skal være en grunn til ikke å øke elavgiften i en situasjon der man har et norsk kraftmarked med meget lav kraftpris.

**Presidenten:** Det blir oppfølgingsspørsmål – Per-Kristian Foss.

**Per-Kristian Foss (H):** Jeg tillater meg å vende tilbake til spørrerens utgangspunkt om de sosiale konsekvenser av en økning av elavgiften når man ikke kompenserer den for pensjonister.

Jeg registrerer at statsråden nå innrømmer at det ikke finnes noen kompensasjon for pensjonister i motsetning til for lønnstakere. Jeg har derfor lyst til å spørre statsråden: Hvorfor går man motsatt vei, altså faktisk forverrer skatteforholdene for pensjonister ved at man ikke pris- eller lønnsjusterer særfradraget for alder? Det innebærer jo at pensjonister i motsetning til yrkesaktive får en forverret økonomisk situasjon.

Jeg har registrert at Regjeringens egen utjamningsmelding faktisk peker på at den største forskjellen i samfunnet er mellom dem som lever av lønnsinntekt, og dem som ikke har det. Vi snakker nå om en gruppe som i vesentlig grad ikke har lønnsinntekt. Jeg lurer derfor på hvordan det man nå gjør overfor pensjonister, rett og slett harmoniserer med Regjeringens egen tankegang?

**Statsråd Marit Arnstad:** Jeg tror faktisk jeg skal holde meg til mitt eget område, altså spørsmålet om avgiftsøkninger knyttet til energipolitikken.

Der er det slik, som jeg også sa i mitt opprinnelige svar, at det ikke finnes noen direkte kompensasjon for minstepensjonister i den forstand at det minstepensjonistene som er betydelig økt, og som kompenserer for lavlønnsgrupper, ikke slår ut for minstepensjonister. Jeg ser ikke noen grunn til å legge skjul på det – det er et faktum. Men i den videre avgiftspolitikken på dette området – og Regjeringen er sjølsagt opptatt av hvordan man skal ut-

forme avgiftene videre her – og som en del av diskusjonen omkring energimeldingen må en også ta hensyn til dette og se nærmere på pensjonistenes vilkår knyttet til avgiftsendringene.

**Presidenten:** Vi går videre til neste hovedspørsmål.

**Grete Knudsen (A):** Jeg vil stille kirkestatsråden et spørsmål.

Kirkemøtet har vedtatt mot et stort mindretall å debattere Kirkemøtets myndighet, med mer makt til Kirkemøtet på bekostning av biskopene. Jeg vil spørre om kirkestatsråden har kjennskap til dette dokumentet, som synes å være i strid med kirkeloven og går utover det Stortinget har vedtatt, og etter min mening også utover Kirkens egne ordninger, for her skal én autoritet, nemlig Kirkemøtet, ha en kristelig merverdi i forhold til andre, med den følge at Den norske kirke ikke vil tillate mindretallsoppfatninger. Da er det duket for en holdning som jeg i hvert fall ville tro at Martin Luther i sin tid ikke ville ha støttet i sitt opprør mot pavekirken.

Men hva er kirkestatsrådets oppfatning, om han i det hele tatt har noen?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg trur at eg skal vere forsiktig med å gå inn på kva kyrkjefader Martin Luther ville meint om dette spørsmålet. Der har truleg leiaren i kyrkjekomiteen noko større kompetanse enn kyrkjestatsråden.

Derimot vil eg gjerne seie noko om sjølve saka. Det har heilt sidan Kyrkjemøtet skulle opprettast, vore ei viss spenning mellom biskopane si myndigheit og Kyrkjemøtet si myndigheit. Det er interessant å merke seg at frontane har endra seg litt. Til å begynne med var kanskje den tradisjonelt meir konservative delen av Kyrkja uroleg for at Kyrkjemøtet skulle verte litt liberalt samansett, og dei trøysta seg derfor til biskopane og ville ha mest mogleg myndigheit der. Det har endra seg noko dei siste åra. Dei synest kanskje no at det er meir tryggleik i Kyrkjemøtet, medan den andre sida av Kyrkja på ein måte har gjort det motsette. Ingen av delane er jo veldig prinsipielt.

Når det gjeld det dokumentet, kjenner eg det. Men eg meiner sjølvsagt at Kyrkjemøtet må ha høve til å diskutere alle spørsmål som gjeld Kyrkja. Men skal det endringar til i dei tenesteordningane som er vedtekne ved lov for biskopane, må det sjølvsagt behandlast både i regjering og storting dersom noko slikt skulle verte naudsynt. Eg avventar difor Kyrkja si eiga behandling. Det dei no har fremma, er ein del premissar for ein komite som skal arbeide vidare. Eg avventar difor kva Kyrkja sjølv kjem til å meine om saka før eg eventuelt ser på på kva måte Regjeringa skal arbeide vidare med det. Det er mitt svar.

**Grete Knudsen (A):** Jeg registrerer at kirkestatsråden selvfølgelig er vel kjent med dette dokumentet og for n-te gang heller ikke har noen mening i kirkepolitiske spørsmål – dvs. i alle fall ikke forsvarer den delen som ville falle ned på mangfoldet og den brede del av folkekirken.

**(Grete Knudsen)**

Og statsråden har heller ikke noen mening når det gjelder forhold omkring Helge Hognestad, som har gått som en kasteball fra den ene til den andre, og nå også sendes fra statsråden over til en lærenemnd. Igjen dreier jo dette seg om bredde og inkludering.

Jeg tar til etterretning at kirkestatsråden ikke støtter den delen eller velger ikke å ha noen mening om det, med den konsekvens at han faktisk støtter de mer fundamentalistiske grupperingene innen Kirken.

**Statsråd Jon Lilletun:** For det første vil eg sterkt ta avstand frå uttrykket «de mer fundamentalistiske», for eg meiner det ikkje er dekning for å bruke eit slikt uttrykk om det som er hovudstraumane i Kyrkja, korkje på den eine eller den andre sida.

Når det gjeld denne saka som er til behandling, meiner eg at det ville vere heilt gale av ein kyrkjestatsråd å leggje føringar for den debatten som skal gå føre seg i dei indre-kyrkjelege organa. Men samstundes tek sjølvsgagt statsråden ansvaret for at skal det her skje endringar, må dei òg debatterast i dei andre lovmessige organa som finst.

Når det gjeld biskopane si myndigheit, ligg den i ei tenesteordning som i så fall må endrast. Her meiner eg derfor at ein må ha sans for rekkjefølgja. Forskjellen her er at representanten Knudsen har noko meir lyst til å gripe inn i forkant. Eg seier at Kyrkja får debattere ferdig sjølv, og så kjem eg attende til Stortinget med det som er naudsynt.

**Presidenten:** Det blir oppfølgingsspørsmål – Inge Lønning.

**Inge Lønning (H):** Tillat meg et ørlite bidrag til Luther-forskningen. Jeg minnes fra min studietid en opphetet diskusjon ved et studentmøte på Det teologiske fakultet hvor en formulerte seg slik: Hvis Martin Luther hadde levd i dag, ville han ha snudd seg i sin grav. (Latter i salen)

Det bekymrer meg at statsråden gjør seg så usynlig når det gjelder det ansvarsområdet som gjelder kirkesaker, og særlig i den konkrete saken Grete Knudsen nevnte i sitt oppfølgingsspørsmål. Det er nå gått ett år siden Helge Hognestad søkte om å få adgang til å bli prest igjen i Den norske kirke. Det er gått fire måneder siden statsråden hadde uttalelser fra alle biskopene på sitt bord, og etter fire måneder finner han på at han vil sende saken til Lærenemnda, som består av de samme biskopene som allerede har uttalt seg i saken. Er det nødvendig å være så usynlig, hr. statsråd?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg har sagt offentleg – og eg kan gjerne gjenta det frå Stortingets talerstol – at saksbehandlingstida er for lang i denne saka. Eg kunne godt ha vist til tidlegare saksbehandlingstider som har vore atskillig lengre – men denne er for lang! I og med at denne saka opphavgleg i stor grad var grunnen til at ein starta Lærenemnda, burde den ha vore vurdert av meg langt tidlegare. Men eg trudde kanskje at biskopane kunne gjø

eit noko eintydig råd. Det har ikkje skjedd, og etter å ha gått gjennom saka grundig, har eg valt å be Lærenemnda om å gå gjennom saka, og eg har bede om at det ikkje skal ta for lang tid.

Det er ein god del utanom biskopane som sit i nemnda, men som representanten Lønning, som sit i Lærenemnda, veit, er det ikkje slik at biskopane utgjør eit reint fleirtal i Lærenemnda.

**Presidenten:** Anneliese Dørum – til oppfølgingsspørsmål.

**Anneliese Dørum (A):** Jeg vil følge opp det som nå er i ferd med å skje på Kirkemøtet. Der legges det nå opp til å kneble retten til å ha ulike meninger og mindretalls-syn i Kirken.

I sitt svar gir kirkestatsråden ikke uttrykk for en folkekirkelig bevissthet, og jeg vil spørre om grunnen til det. Er det slik at han mener en kan vedta den rette kirkelige og kristelige holdning ved simpelt flertall?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg meiner at ein overtolkar det dokumentet som ligg føre, dersom ein meiner at det ikkje skal vere høve til å ha mindretalls-syn og kyrkjeleg debatt. Sjølvsgagt ligg dette òg i det dokumentet, men det er korleis ein skal forvalte tilsetjingsmyndigheita og ein del andre myndigheiter og premisser for det, som i så fall vil verte stramma inn.

Denne regjeringa står for eit breitt folkekyrkjeleg standpunkt. I det standpunktet ligg det at vi fyrst skal la Kyrkja få høve til sjølv å debattere situasjonen sin, og så vil vi kome tilbake til dette når det er gjort. Det er det som skjer i Trondheim. Dei organa som Kyrkja etter lova har valt, debatterer situasjonen sin og myndighetsområdet sitt, og må så sjølvsgagt kome til (presidenten klubbar) regjering og storting med dette på eit seinare tidspunkt. (Presidenten klubbar.) Derfor er det rekkjefølgja eg tek ansvaret for.

**Presidenten:** Presidenten må be statsråden om å passe taletida.

Då går vi til neste hovudspørsmål.

**Rolf Reikvam (SV):** Mitt spørsmål går til utdanningsministeren.

For tiden foregår det en del aksjoner på norske skoler. Det er ikke de typiske aksjonister som nå står på barrikadene. Dette er vanlige trauste, gode norske lærere som nå viser sin misnøye, sin motløshet og sin oppgitthet over den situasjonen de opplever i skolen. Dette er tydeligvis aksjoner som er rettet mot ressursituasjonen, mangel på økonomiske ressurser, mangel på undervisningsmaterieell, og også mot det faktum at i valgkampen var utdanning det sentrale temaet. Det har skapt visse forventninger om at det nå skal skje ett eller annet. Disse aksjonene er også rettet mot lønnsnivået og problemet med å rekruttere lærere, slik at det er bredde i disse aksjonene som nå foregår.

Så mitt spørsmål til statsråden blir: Hva vil han gjøre, og hvilke svar har han å gi til disse aksjonistene som nå

er på banen, for at de skal få tilbake optimismen og for å gi dem mot?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg har, til liks med representanten Reikvam, registrert at det er ein del aksjonar, og eg vil også seie meg samd med representanten Reikvam i at dette ikkje er typiske aksjonistar. Samstundes må vi ha ei ryddig haldning til dette. Arbeids- og administrasjonsministeren og eg har diskutert korleis vi skal handtere aksjonane, og vi vil saman kalle inn Norsk Lærarlag og Lærarforbundet til eit møte så raskt som mogleg for å avklare kva som er bakgrunnen for aksjonane, omfanget av dei, og om dei er lovlege eller ulovlege. NTB f.eks. skriv at aksjonane er ulovlege. Det har vi ikkje teke stilling til, og det er slikt vi vil snakke med partane om.

Dersom det dreiar seg om aksjonar som er i strid med gjeldande lov- og avtaleverk, vil Arbeids- og administrasjonsdepartementet ta nødvendige skritt for å få slutt på aksjonane, m.a. ved å påleggje Norsk Lærarlag og Lærarforbundet å medverke til at aksjonane vert avslutta straks. Skulle aksjonane halde fram, vil Arbeids- og administrasjonsdepartementet måtte vurdere å stemne dei nemnde organisasjonane inn for Arbeidsretten. Det er i samsvar med ei heilt vanleg handtering av slike saker.

Men når det er sagt, vil eg seie at eg forstår at det her er store forventningar etter den merksemda utdanning fekk i valkampen. Det Regjeringa lovde i valkampen, har Regjeringa halde. I den avtalen som er forhandla fram mellom Arbeidarpartiet og regjeringspartia her på Stortinget, ligg det òg monalege forbetringar med omsyn til utdanning. Eg meiner at dette er eit grunnlag for å få tilbake ein optimisme i skulen. Frå denne regjeringa er det òg teke initiativ når det gjeld å spele inn lokalnivået i mykje større grad enn på mange år – så eg ser med alvor på aksjonane, men må handtere dei slik eg har skissert her.

**Rolf Reikvam (SV):** Jeg er noe overrasket over at dette svaret gikk på lovligheten, og at det er viktig for statsråden å finne ut av. Det viktige må være å prøve å finne ut hva som er årsaken, og den kjenner vi. Vi vet hva som er årsaken til dette, at dette er et uttrykk for frustrasjon og et uttrykk for oppgitthet. Lærerne – da snakker vi ikke om organisasjonene, vi snakker om lærerne på norske skoler – har ikke sett noen vilje til å satse på utdanning. Der ligger svaret, så enkelt er det.

Jeg skulle nok ønske at statsråden var mer villig til å gå inn på realitetene og ikke snakke om det formelle som går på lovligheten av aksjonene. Hvis en bruker tid og krefter på det, er jeg ganske overbevist om at disse problemene ikke lar seg løse. Det må være vilje til å gå inn og gi noen svar på de spørsmålene de stiller som går på dette med ressurser og lønn.

Er statsråden villig til å gi disse signalene, slik at man igjen kan skape ro og optimisme i norsk skole?

**Statsråd Jon Lilletun:** Som representanten Reikvam veit, er det i budsjettet ein legg fram den politikken ein tenkjer å føre i det året som kjem. Vidare er det via stor-

tingsmeldingar om den totale politikken at ein gjev ytterlegare varsel.

Eg tek aksjonane på alvor, og eg ynskjer ein dialog med dei som aksjonerer. Samstundes må Regjeringa med dei to statsrådene eg har nemnt her, sjølv sagt òg ta ansvar for at spelereglane i arbeidslivet vert fylgde.

Det må kunne gå an å ha to tankar i hovudet på ein gong, ein tanke som seier at vi treng ein dialog, og ein som seier at vi absolutt treng å ta på alvor det som skjer i skulen, og uroa der. Men samstundes må vi fylgje spelereglane, i skulen som i resten av samfunnet.

**Presidenten:** Det blir oppfølgingsspørsmål – Grete Knudsen.

**Grete Knudsen (A):** Jeg er enig med statsråden i at når det ble en så stor vektlegging på utdanning i valgkampen, så ble det også skapt forventninger, ikke minst fra enkelte partier som fokuserte enormt på lønsspørsmålet, som en selvfølgelig ikke kan komme frem med i en budsjettssammenheng. Derfor ble det også negativt mottatt, selv om man nå øker budsjettet for utdanning med nesten 1 milliard kr.

Men et område som statsråden kan gjøre noe med, enten i budsjettet eller i forbindelse med det arbeidet som Stortinget nå holder på med, er å sikre at lærerne fremdeles skal forhandle med staten som motpart. Spørsmålet er om statsråden vil fastholde det, slik at man i hvert fall tar den byrden bort fra lærerorganisasjonene som ledd i deres aksjon.

**Statsråd Jon Lilletun:** For det fyrste vil eg seie at Regjeringa vil kome med ei avklaring av dette i løpet av inneverande år. For å førebu dette har vi òg eit partssamansett utval, saman med partane i arbeidslivet, som m.a. skal se på korleis lønnsdanninga skjer og korleis forhandlingsansvaret skal organiserast. Eg er klar over, til liks med representanten Knudsen, at dette er viktig for lærarane og Lærar-Noreg, og eg er innstilt på i den prosessen som no skjer, å medverke til at det kjem ei løysing som klargjer dette.

**Presidenten:** Øystein Djupedal – til oppfølgings-spørsmål.

**Øystein Djupedal (SV):** Det er et betydelig problem når det er mange i skoleverket som åpenbart er misfornøyd og som mistrives, og som nå velger å aksjonere. Det er et problem som gjelder langt flere enn de gruppene som nå aksjonerer. Det er et problem for alle som har unger i skolen, og alle som er opptatt av at norsk skole skal ligge i front. Når man har konfrontasjoner innenfor et klasseværelse og innenfor en skole, er det et betydelig problem som ikke bare kan løses ved dialog, men man må også ha en offensiv holdning til hvordan man skal løse det.

Regjeringen har lagt fram en rekrutteringsmelding der veldig lite substansielt er sagt. Det er veldig mange fine ord, men den har ikke noe om økonomiske løft for sko-

len. Statsråd Lilletun har for så vidt rett i at han ikke lovte noe i valgkampen, men det er lov å lære litt underveis, og det betyr at man må satse mer på skolen.

Derfor vil jeg spørre: Det ligger ingen penger i statsbudsjettet nå til et lønnsloft for lærerne, men vil statsråd Lilletun likevel gi et lite signal om at statsråden og Regjeringen ikke er helt uvillig til å se på problemet en gang til?

**Statsråd Jon Lilletun:** Det som det vart skapt forventning om frå fleire politiske parti, var at det burde ligge ein del ting med omsyn til lønn i rekrutteringsmeldinga. Det ville vere å innføre ein heilt ny praksis i forhold til lønnsdanning i samfunnet, og det vil ikkje denne regjeringa ta ansvaret for.

Når det gjeld dei ordinære lønnsforhandlingane, har vi sagt i denne meldinga at lønn er eit vesentleg grunnlag for rekruttering, og det står vi sjølv sagt ved. Det vil vi òg ha med oss når vi skal forhandle om lønn framover i det ordinære lønnsoppgjøret. Men det ville vere heilt gale av meg å stå her og seie at vi i forhold til den eine av gruppene skal gjere slik og slik. Det må skje der det skal skje, i forhandlingar mellom partane, men Regjeringa tek med seg den konstateringa som ligg i meldinga.

**President:** Petter Løvik – til oppfølgingsspørsmål.

**Petter Løvik (H):** Det kan vere grunn til å spørje statsråden om dei aksjonane vi no ser, også er eit resultat av frustrasjon over ei rekrutteringsmelding som korkje analyserer situasjonen, prøver å sjå samanhengar eller kjem med forslag til korleis den krisa vi står overfor, kan løysast. Det er ikkje ein gong gjort forsøk på å analysere om lønn kan ha nokon verknad, og det må ein vel kunne gjere i ei stortingsmelding. Dessutan kan det også vere grunn til å spørje om det kan vere frustrasjonar over dei signala som Regjeringa gir i budsjettet, eller over dei endå verre signala som blir gitt i budsjettforliket mellom Arbeidarpartiet og mellompertia, som ikkje har ein auke i løyvingane til skulen, slik representanten Knudsen og statsråden tidlegare har framstilt det – det er rett nok ein auke når det gjeld skule/fritid og lærebøker i vidaregåande – men som reduserer satsinga på kvalitetsutvikling og etterutdanning, som er noko av det viktigaste lærarane har bede om.

Kan det vere dei signala som Regjeringa og deira støttoparti no gir, som gir grunnlag for desse aksjonane?

**Statsråd Jon Lilletun:** Det vil vel neppe overraske Stortinget at eg ikkje er samd i dei analysane som representanten Løvik hadde av kva som ligg i rekrutteringsmeldinga. Det er for fyrste gong har lansert ei permisjonsordning, og vi har for fyrste gong fått ein kraftig auke når det gjeld etterutdanning, som både Høgre og andre tidlegare har sagt var prisverdig. Det er ei rekkje tiltak som konkret vert lanserte, men som eg ikkje kan kome inn på i det eine minuttet her.

Det som skjedde, og som Høgre òg skal ha ros for, var at dei på ein måte reiste spørsmålet om skule i valkam-

pen. Men samtidig skapte dei det inntrykket at ein både gjennom meldingar og Stortinget kan drive lønnsforhandlingar. Frå m.a. nestleiarer i Høgre vart det òg gjeve klare meldingar om kor mykje denne lønnsauken burde vere på. Den uryddige måten som han her opptredde på i forhold til lønnsdanning, skapte forventingar som på ein måte måtte føre til vonbrot når Regjeringa ikkje kvitterer ut. Og eg må seie: Regjeringa kan ikkje kvittere ut på den måten.

**Presidenten:** Vi går vidare til neste hovudspørsmål.

**Jan Tore Sanner (H):** Mitt spørsmål går til statsråd Marit Arnstad.

Sentrumsregjeringa har måttet tåle hard kritikk for manglende ambisjoner på det energipolitiske området, og for ikke å ville gi norske energiselskaper rammebetingelser som setter dem i stand til å møte en stadig tøffere internasjonal konkurranse.

På en energipolitisk konferanse i går, arrangert av ENFO og KS, slapp Senterpartiets parlamentariske leder Johan J. Jakobsen ut to interessante politiske nyheter. Han slo for det første fast at Regjeringa vil gå inn for en delprivatisering av Statoil, og dernest at Senterpartiet vil gå inn for en forsiktig delprivatisering av Statkraft.

Mitt spørsmål til statsråd Marit Arnstad er om hun er enig med Senterpartiets parlamentariske leder i at Statkraft bør delprivatiseres.

**Statsråd Marit Arnstad:** For det første sa vel ikke representanten Jakobsen at han gikk inn for en delprivatisering av Statoil, han sa at det ikke kan utelukkes. Og det er jeg helt enig med representanten Jakobsen i. Sjølsagt vurderer vi nå argumenter for og imot en endring av eierskapsstrukturen i Statoil. Det gjør vi i forbindelse med hele gjennomgangen av det statlige engasjementet i petroleumssektoren. Det er en vurdering som må være både bred og grundig, og det er i dag ikke grunnlag for å utelukke noe som helst – verken å beholde dagens eierstruktur eller å forandre eierstruktur.

Når det gjelder Statkraft, vet jeg også i hvilken sammenheng Jakobsen sa dette, og det var i sammenheng med den internasjonale virksomheten til selskapene. Det kan være ett argument for en endret eierskapsstruktur, men det finnes mange andre sider ved de statlige selskapene, særlig Statkraft, som i tilfelle også burde ha vært vurdert. Regjeringa har ingen som helst planer om å delprivatisere Statkraft.

**Jan Tore Sanner (H):** Jeg merker meg at statsråden nå prøver å tone ned Jakobsens uttalelser. Jeg var til stede på den konferansen; det var også flere andre stortingsrepresentanter og 400-500 andre deltakere. Og vi hørte hva Jakobsen sa. For det første slo han fast at Regjeringa vil gå inn for en delprivatisering av Statoil. Han viste her til lekkasjer som var sendt ut i forrige uke, og dernest slo Jakobsen fast at Senterpartiet vil gå inn for en forsiktig delprivatisering av Statkraft.

Jeg hilser det velkommen, for jeg tror det er helt nødvendig for å sikre at Norge også i fremtiden vil ha sterke norske energiselskaper. Jeg hilser en slik moderne og fremtidsrettet markedstenkning velkommen også fra Senterpartiets side. Senterpartiet har jo ikke vært det mest privatiseringsvillige partiet, og dersom det er slik at Senterpartiet nå går inn for en forsiktig delprivatisering av Statkraft, burde statsråden ha alle muligheter til også å få med Kristelig Folkeparti og Venstre. Så mitt spørsmål igjen er om Arnstad er enig med Jakobsen i at Statkraft bør delprivatiseres.

**Statsråd Marit Arnstad:** Jeg syns at debatten kunne være tjent med en nyansering, som representanten Sanner åpenbart ikke ser seg tjent med.

Som jeg sa, det er klart at Regjeringen, og Senterpartiet, i forbindelse med debatten om Statoil vurderer hva som er virkningen av å beholde dagens eierstruktur, men vi vurderer sjølsagt også spørsmålet om en delprivatisering. Det gjør vi fordi Statoil har bedt om det, og fordi det er en del av hele gjennomgangen av det statlige engasjementet i petroleumsektoren. Men verken Senterpartiet eller Regjeringen har konkludert på det punktet.

Når det gjelder Statkraft, må jeg få lov å si at sjøl om jeg ikke var på konferansen, vet jeg i hvilken sammenheng Jakobsen sa det han sa. Det var i sammenheng med et spørsmål om internasjonalt engasjement. Jeg kan se at det er ett argument for en delprivatisering av et statlig selskap. Men det finnes i en slik sammenheng også mange argumenter som virker i motsatt retning. Dersom en for alvor skulle gå inn i en slik debatt, måtte en ha en hel gjennomgang av argumentene både for og imot. Den debatten har ikke Regjeringen gått inn i, fordi Regjeringen ikke har noen planer om å delprivatisere Statkraft.

**Presidenten:** Vi går videre til neste hovedspørsmål.

**Einar Olav Skogholt (A):** Jeg skal få rette mitt spørsmål til arbeids- og administrasjonsministeren.

Titusenvise deltidsansatte, i hovedsak kvinner, vil få minstepensjon når de blir pensjonister, selv om de har innbetalt 2 pst. av sin bruttolønn i tillegg til folketrygdavgiften. For eksempel vil en renholder i en deltidsstilling, ansatt i stat eller kommune, kun få utbetalt minstepensjon. Hadde vedkommende vært ansatt i en privat virksomhet som har en privat tjenstepensjonsordning, ville det bli utbetalt en tilleggspensjon, uansett hva som blir utbetalt av folketrygden.

Hva vil statsråden gjøre overfor alle disse deltidsansatte som vil motta minstepensjon etter en lang innsats i offentlig tjeneste?

**Statsråd Laila Dævøy:** Representanten viser til en viktig problemstilling spesielt for kvinner som har jobbet i deltidsstilling, kanskje hele livet, og som kun har mulighet for å opparbeide seg minstepensjon.

Dette er et veldig omfattende spørsmål, og jeg kan ikke på stående fot svare representanten på hva jeg rent konkret kan gjøre med denne problemstillingen. Vi har

jo, som vi vet, innført ordninger med AFP, altså avtalefestet pensjon for eldre arbeidstakere. Vi vet også at en rekke spørsmål knyttet til pensjon er oppe til diskusjon i disse dager. Det eneste jeg kan si til representanten at jeg skal gjøre, er at jeg selvfølgelig skal ta med meg tilbake denne problemstillingen. På stående fot kan jeg ikke gi noe mer eksakt svar. Det er også mulig i dag å opparbeide seg pensjonspoeng uten at man nødvendigvis er i arbeid. Men det berører jo heller ikke spørsmålet om at man faktisk ender opp med minstepensjon.

**Einar Olav Skogholt (A):** Jeg vil få takke for svaret.

Denne problemstillingen var også oppe da vi behandlet pensjonistoppjøret i juni 1998, og jeg skulle ønske at det kunne komme en tilbakemelding om hvordan man vil angripe denne problematikken. Etter mitt skjønn har statsråden to alternativ til løsning, enten å endre dagens regelverk slik at man går over fra garantert bruttopensjon til nettoppensjon, eller å heve terskelen for medlemskap i pensjonsordningene. I dag må alle med minimum 14 timers arbeidsuke innbetale penger til pensjonskassen. Pensjonssystemet har selvsagt et solidarisk tilsnitt, men dette bør ikke innebære at deltidsansatte, ofte med dårlig lønn og stor arbeidsinnsats, sitter igjen med minstepensjon etter å ha innbetalt 2 pst. av sin lønn i årtier.

**Statsråd Laila Dævøy:** Jeg kan i alle fall si at spørsmålet er reist her i dag, og at det fra Stortingets side er forventet at Regjeringen kommer tilbake med mulige løsninger i denne saken.

Jeg skal ta med meg spørsmålsstillingene, se på alternativene, og jeg skal selvsagt i en eller annen form komme tilbake til Stortinget og representanten med mulige svar på de spørsmålene som er reist.

**Presidenten:** Vi går videre til neste hovedspørsmål.

**Ursula Evje (Frp):** Jeg ønsker å stille et spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren relatert til Lyngmo-saken, som pågår i Alta herredsrett i tidsrommet 15.-19. november.

Gjennom dette arbeidet vil ein få oversikt over korleis tilstanden faktisk er i skulane, og korleis regelverket verkar i dag. Dette vil gje eit godt grunnlag for å vurdere eventuelle endringar i regelverket.

**Anneliese Dørum (A):** Jeg takker statsråden for svaret.

Det viser seg altså i praksis at det ikke er nok med rettslige reguleringer og krav i forhold til arbeidsmiljøloven når vi ser hvordan situasjonen er, bl.a. i Oslo-skolene – kanskje særlig i Oslo-skolene. Det at elever blir syke av å gå på skolen, hører jo ingen steder hjemme. Det må vi gjøre noe med ganske raskt.

Det viser seg at vedlikehold av skolebygninger i mange år har vært salderingspost i de kommunale budsjetter. Jeg tror derfor at det ikke er nok med rettslige reguleringer, man må se på andre tiltak også. Hvordan vurderer statsråden, som et tillegg til rettslige reguleringer, å sette i gang stimuleringsstøtte, eventuelt øremerkede tilskudd, for å sette kommunene i stand til å ruste opp de skolene som så sår trenger det?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg er heilt samd med representanten Dørum i at det ikkje høyrer nokon plass heime at elevar vert sjuke på grunn av skuleanlegga. Samstundes veit vi at vi har eit system der kommunen, skuleeigaren, er ansvarleg både for bygging og vedlikehald av skulane. Med det overføringssystemet vi har, er det ikkje lett å sjå korleis ei slik stimuleringsordning skulle organiserast. Det ville lett verte slik at ein gav særskild hjelp til dei som har det dårleg i dag, og som kanskje har forsømt seg undervegs, mens dei som har gjort jobben sin, ikkje får del i desse stimuleringsstiltaka.

Det som vi vil vurdere når evalueringa er ferdig, er om det skal setjast inn ein heimel for sentrale pålegg, slik at ansvaret framleis ligg ute, men om ein ikkje fylgjer opp det, kan sentrale pålegg kome. Det meiner eg er ei nødvendig vurdering som skal takast av oss, og det trur eg kanskje er det verkemiddelet som kan nyttast.

#### S p ø r s m å l 2 1

**Ursula Evje (Frp):** «Statsråden uttalte i den ordinære spørretimen 14. april 1999, vedrørende et spørsmål om en gjennomgang av studenters arbeidsmiljø, at han ville avvente levekårsundersøkelsen før en slik gjennomgang. Lavekårsundersøkelsen kom i juni 1999.

Har statsråden påbegynt arbeidet med studentenes arbeidsmiljø, eller er det ytterligere grunnlag for utsettelse, og tilfelle hvilke?»

**Statsråd Jon Lilletun:** I spørjetimen den 14. april i år fekk eg spørsmål om den gjennomgangen av studentane sitt arbeidsmiljø som vart varsla i budsjettframlegget for 1999. Eg svarte då med å vise til den granskinga av tilhøva blant studentane som Statistisk sentralbyrå gjennomførte i 1998. I rapporten som vart lagd fram i juni 1999, tek ein opp tilhøve som går på læringsmiljø, som t.d. studiesituasjonen, arbeid utafor studia, helse, sosial kontakt,

butilhøve, studiefinansiering og dei generelle økonomiske kår.

I St.prp. nr. 1 for 1999-2000, årets statsbudsjett, syner eg også til denne levekårsundersøkinga frå SSB, og departementet seier fylgjande:

«Undersøkelsen viser at studentene gjennomgående er godt fornøyd med sine studier, men at enkelte områder som er viktige for læringsmiljøet, kan forbedres.»

Det vert også i St.prp. nr. 1 gjeve greie for arbeidet vidare med saka. Under strategiar og tiltak seier departementet:

«Departementet vil følge opp rapporten om studentenes levekår. Denne vil bli sett i sammenheng med en rapport om ansvarsfordeling mellom vertskommune og utdanningsinstitusjon/samskipnad og rapport fra utdanningsfinansieringsutvalget (Aamodt-utvalget).»

Arbeidsmiljølova gjeld direkte for studentane når dei er i praksis og når dei er i praktisk opplæring under tilhøve som kan føre til at liv og helse vert sett i fare. Lova gjeld òg indirekte for studentane ved at arbeidsmiljølova gjeld for utdanningsinstitusjonane som arbeidsplass for dei tilsette. I tillegg står det i lov om universitet og høyskular at institusjonane har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Jamvel om denne paragrafen ikkje set konkrete krav til korleis arbeidsmiljøet skal vere utforma, set den krav til institusjonane om å sjå til at det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet ikkje er til hinder for eit godt læringsmiljø.

Eg vil også fokusere på det ansvaret institusjonane har. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet ser det som særskild viktig at institusjonane tilbyr gode læringsmiljø. Det fysiske arbeidsmiljøet er ein viktig del av eit godt læringsmiljø.

Departementet føreset at institusjonane utviklar gode ordningar for kvalitetssikring av undervisninga, og at denne vert evaluert. Institusjonane er også pålagde å innføre studentevaluering av undervisninga. I ei tid med fallande studenttal er kvalitetssikring og -utvikling stadig viktigare for at institusjonane skal få søkjarar til sine utdanningstilbod.

Norgesnettrådet har som ei av sine viktigaste oppgåver å sjå til at utdanningsinstitusjonane utviklar system for kvalitetssikring av utdanning og forskning. Rådet skal også evaluere institusjonane sitt arbeid med kvalitetssikring og ta initiativ til evaluering av utdanningar. Norgesnettrådet vil i løpet av hausten utarbeide retningslinjer og rutiner for bedømming av institusjonane sitt arbeid med kvalitetssikring.

I arbeidet med kvalitetssikring av undervisninga vert studenten alltid sett i sentrum, og det fører med seg at også arbeidsmiljøet til studentane vert vurdert. Som ei fylgje av det søkjelyset institusjonane no må ha på studentane, og dei krava departementet stiller til at institusjonane må dokumentere sine ordningar for kvalitetssikring, er eg viss på at også arbeidsmiljøet for studentane vil verte ivareteke.

Departementet vil òg frå levekårsgranskinga knytt til spørsmål om arbeidstilhøva hente inn tal som er splitta opp på institusjon, og formidle og bruke tala vidare i vår



kontakt med institusjonane. Særleg vil ein fylgje opp dette i høve til dei institusjonane som kjem etter måten dårleg ut etter denne granskinga.

**Ursula Evje (Frp):** Jeg takker statsråden for svaret.

Jeg er godt fornøyd med at han også her henviser til de ansattes rettigheter i forhold til eksisterende arbeidsmiljølov. Men det blir litt problematisk for meg når en blander inn forhold som Vertskommuneutvalget skal ta seg av, for det gjelder jo i all hovedsak det som skjer utenom den enkelte læringsinstitusjon, og de forhold som studentene blir utsatt for der.

Når det gjelder det arbeidet som er i gang med prioriteringer osv., ser jeg veldig positivt på det. Men det forundrer meg noe at dette vektlegges når vi vet at f.eks. studenthuset i Bergen, som har et særdeles dårlig miljø, ikke er prioritert i det hele tatt.

**Statsråd Jon Lilletun:** Vertskommuneopplegget vil få svært mykje å seie for det totale læringsmiljøet. Difor er det teke med. Sjølv om det i stor grad vil vere utanom institusjonen, vil det ha påverknad på læringsmiljøet.

Når det gjeld det konkrete eksempelet som representanten Ursula Evje viser til, er eg heilt samd med henne i at det er tragisk at eit bygg frå 1960-talet til dei grader alt skal vere så dårleg som det bygget er. Men samstundes har Regjeringa sagt i budsjettet – og eg har inntrykk av at det er ganske stor oppslutning om det – at i ei tid med høg økonomisk aktivitet, skal det offentlege vere tilbakehalden med å setje i gang for mange store bygg. Difor vil det måtte kome inn i den køen av byggjesaker som ligg føre, og det er grunnen til at det ikkje er pengar til det på budsjettet.

## S p ø r s m å l 2 2

**Inge Lønning (H):** Jeg har følgende spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«International Baccalaureate-linjene er et anerkjent tilbud innenfor videregående opplæring, med en verdifull kombinasjon av akademisk skoleing og personlighetsutvikling i en internasjonal ramme. I Norge vil det være et rimelig mål at det i alle fylker finnes minst ett IB-tilbud.

Hva kan statsråden gjøre for å stimulere fylkene til å gjøre et slikt mål til virkelighet?»

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg er samd med representanten Lønning i at det er verdifullt å setje generell utdanning og personlegdomsutvikling i ei internasjonal ramme. Eg har tidlegare sagt at vi må orientere oss meir mot verda kring oss og leggje større vekt på internasjonalt arbeid og solidaritet med andre. Eg er også einig i representanten Lønning si vurdering av Internasjonal Baccalaureate-linene i Noreg. Dei medverkar positivt til mangfaldet i den vidaregåande opplæringa.

Oppretting av IB-linjer er likevel berre ein av fleire vegar å gå for fylkeskommunar som vil leggje større vekt på det internasjonale aspektet. Det er t.d. etablert direkte

kontakt og samarbeid med fleire skular i utlandet gjennom SOCRATES- og LEONARDO-programma. Andre skular og fylkeskommunar har oppretta sine egne bilaterale samarbeidsavtalar med skular og institusjonar i utlandet, slik at elevane på desse skulane får høve til å ta delar av utdanninga si i utlandet. Ti vidaregåande skular er med i ei ordning der elevar får støtte av Lånekassa for å ta eit skuleår i utlandet. Ordninga vert no evaluert, og resultatet kjem til å verte lagd fram rundt årsskiftet. I Noreg har vi òg teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt i regi av Europarådet, som medverkar spesielt til å stimulere utveksling av skuleelevar mellom Vest-Europa og Sentral- og Aust-Europa. Dette gjev på ingen måte eit fullstendig bilete av aktiviteten på området, men er ein indikasjon på at mykje skjer.

Eg ventar at alle våre vidaregåande skular tek både den faglege sida, det representanten Lønning kallar akademisk skoleing, og den menneskelege sida, personlegdomsutviklinga, alvorleg. Å setje desse to sidene inn i ei internasjonal ramme er ei sentral oppgåve for alle vidaregåande skular. Ein ny plan for internasjonalisering og globalisering i den vidaregåande opplæringa har nettopp vore ute til høyring. Denne planen drøftar ansvaret på dei ulike nivåa i systemet.

Eg ser positivt på at internasjonalisering er ein viktig del av tilbodet i den vidaregåande opplæringa. Departementet vil gjerne medverke til ei slik utvikling. Det vil derimot vere urett av meg å gå inn med særskilde stimuleringsverkemiddel retta mot einskildtiltak, som t.d. IB-linene.

Fylkeskommunane må som skuleeigarar sjølve avgjere val av strategi for internasjonalisering. Eg reknar med at det òg vil gje utviklingsrom for IB-alternativet i åra framover.

**P e r O v e W i d t h** hadde her overtatt presidentplassen.

**Inge Lønning (H):** Jeg takker statsråden for svaret. Det var et godt svar, men på et litt annet spørsmål enn det jeg stilte. Jeg stilte ikke spørsmål om internasjonalisering i sin store alminnelighet. Det som er særmerkt for IB-linjene, er jo at det er det eneste internasjonale tilbudet i norsk skole, dvs. med fagplan og sertifisering som gjelder for alle de landene som har dette tilbudet. Det er pr. i dag 100 land som har disse linjene, og det er 1 005 skoler pr. i dag. Av disse 1 005 skolene er det bare 12 i Norge.

Det egenartede ved dette tilbudet er at det stiller vesentlig høyere krav til elevenes arbeidsinnsats enn det den vanlige videregående skolen gjør. Mitt konkrete spørsmål til statsråden er: Burde ikke dette gi uttelling når det gjelder reglene for opptak til universiteter og høyskoler? I dag gjør det ikke det i det norske system – snarere tvert imot. Det diskriminerer de elevene som selv frivillig velger å underkaste seg strengere krav enn gjennomsnittet. Det er etter mitt skjønn urimelig.

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg er takksam for at representanten Lønning meinte det var eit godt svar, sjølv om det

var på eit litt anna spørsmål. Men for å gå konkret på det oppfølgingsspørsmålet som han hadde no, så ser eg at det kan vere eit poeng at det gjev ei spesiell uttøling i forhold til opptak til høgare utdanning. Men igjen må eg seie: Det er ein langsiktig prosess. Representanten Lønning veit kor sårbart dette systemet er. Vi kjem til å ha ein større gjennomgang, og då skal eg ta med meg det poenget, for det er opplagt at det ligg det realitetar i.

Vidare er eg samd med representanten i at det burde vore fleire IB-liner. Sett frå min ståstad ville det ha vore absolutt ynskjeleg at det fanst minst ei slik line i kvart fylke. Men det er ein prinsipiell innfallsvinkel frå meg at dersom eit fylke faktisk ynskjer ei anna form for internasjonalisering og satsar sterkt der, vil ikkje eg overprøve dei på det punktet.

### S p ø r s m å l 2 3

**Ursula Evje (Frp):** Jeg har følgende spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«I Sokndal kommune i Rogaland må et barn på 11 år som har en skolevei på tilsammen 12 kilometer med buss, i tillegg gå nesten 4 kilometer til og fra bussen hver dag.

Skal avstand for skoleskyss regnes fra hjemmeadressen til skolen, eller skal avstanden, som blant annet i Sokndal kommune, regnes ut fra et annet tilfeldig valgt geografisk punkt, for eksempel nærmeste bussholdeplass?»

**Statsråd Jon Lilletun:** Lat meg fyrst presisere at eg ikkje kan ta stilling til den konkrete saka som representanten Ursula Evje refererer til, sidan den kan kome opp som klagesak hjå departementet sin underliggjande instans, Statens utdanningskontor i Rogaland. Eg vil difor kommentere spørsmålet på meir generelt grunnlag.

Opplæringslova § 7-1 seier:

«Elevar i 2.-10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss.»

Skulevegen skal reknast frå dør til dør etter farande veg. Grensa på fire kilometer utløyser rett til skyss, men eleven kan vanlegvis ikkje krevje skyss heilt frå heimen. Det kan forventast at eleven må gå ein viss avstand fram til ein oppsamlingsplass.

Kva er så rimeleg gangavstand? Dette må avgjerast på grunnlag av skjøn, der det m.a. vert lagt vekt på alderen til eleven, trafikktryggleiken og kor framkommeleg strekninga er. Det vil t.d. vere urimeleg å leggje til grunn ein gangavstand fram til offentleg kommunikasjon på inntil to kilometer for elevar i 1. klasse/førskulen og inntil fire kilometer for elevar på dei andre klassetrinna. Slike avstandar utløyser nemleg automatisk rett til skyss, og det er ein føresetnad at skysstilbodet skal dekkje størstedelen av samla avstand frå heimen til skulen.

Eg er kjend med at mange fylkeskommunar praktiserer regelverket slik at elevar i 1. klasse/førskulen må gå inntil ein kilometer fram til ein oppsamlingsplass, og at elevar på dei andre klassetrinna må rekne med å gå inntil to kilometer. I utgangspunktet vil nok ein slik praksis liggje inn-

anfor ramma av lova. Eg vil likevel understreke at fylkeskommunen må vurdere om retten til skuleskyss er oppfylt for kvar enkelt sak. Utfordringa ligg i å utøve eit sunt skjøn, slik at folk flest kan ha forståing for konklusjonane.

Eg viser elles til at det som hovudregel er fylkeskommunen som har ansvaret for skuleskyssen i fylket. Kommunen si plikt er å vere med på å finansiere persontaksten. I tillegg legg opplæringslova ansvaret for skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, til kommunen.

**Ursula Evje (Frp):** Jeg takker for svaret som statsråden gav, og særlig for den utfyllende kommentaren han kom med til § 7-1.

Jeg har nok et spørsmål siden statsråden nekter å kommentere denne konkrete saken fordi den kanskje kan bli en ankesak, særlig på bakgrunn av at kommunens sakkyndige i nyhetssendinger på TV har gått ut og sagt at det foreligger retningslinjer fra fylket til den enkelte kommune som tydeligvis er noe på tvers av de intensjonene komiteen hadde da de lagde denne regelen.

Det som gjør dette forholdet spesielt, er at denne veien allerede trafikkeres av en minibuss for alle andre barn som bor i området, unntatt denne 11-åringen, og det er ledig plass om bord i minibussen. Det må da være helt urimelig at bussen kjører først og eleven går etter!

**Statsråd Jon Lilletun:** For å vere ryddig forvaltningsmessig må eg nok halde på det prinsippet at ei sak som kan kome til klagebehandling, vil eg ikkje kommentere frå Stortingets talarstol. Men eg skal gje ein generell kommentar til det siste spørsmålet frå representanten Ursula Evje.

Det vil for folk flest verke urimeleg at ein skyss som går den same strekninga og som har plass, ikkje kan ta med ein ekstra elev. Det er klart at ein skal halde seg til det juridiske regelverket, og skulle det kome ein situasjon kor det ikkje er plass, må det vere regelverket som byggjer på lover og forskrifter, som gjeld. Men samstundes har vi – både forvaltning og politikarar – eit ansvar for å utøve skjøn og praksis på ein måte som kan skaffe allmenn aksept. Og der har eg forståing for representanten Evjes synspunkt.

**Presidenten:** Spørsmål 24 vil bli besvart senere.

### S p ø r s m å l 2 5

**Synnøve Konglevoll (A):** «Ifølge Dagbladet 8. november 1999 sier statssekretær Marit Totland: «En av grunnene til at vi har fått flere kristne, private grunnskoler, er nok at foreldrene har vanskelig for å godta det nye faget kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (KRL).»

Er dette en vurdering statsråden deler, og hvilke konsekvenser vil eventuelt dette få?»

**Statsråd Jon Lilletun:** Opplæringslova gjev foreldre rett til å velje å gje borna sine alternativ opplæring til til-

bodet i den offentlege grunnskulen. Retten er m.a. forankra i eit folkerettsleg prinsipp om at dei skal kunne sikre borna opplæring i si eiga tru eller sitt eige livssyn. Dette kan m.a. realiserast gjennom oppretting av private skular. Samstundes gjev folkeretten staten rett til å stille minstekrav til slik alternativ opplæring.

Representanten Synnøve Konglevoll siterer i spørsmålet sitt statssekretær Marit Totland, som har uttala til Dagbladet at enkelte foreldre vel å sende borna sine til private kristne skular på grunn av misnøye med det nye KRL-faget, og at dette har ført til fleire nye kristne grunnskular. Eg deler denne vurderinga. Eg har registrert, slik statssekretær Totland gjev uttrykk for, at ein del foreldre er så negative til det nye faget at dei dreg slike konklusjonar. Vi kan likevel ikkje seie at dette er hovudgrunngevinga for nye søknader om rett til å starte nye kristne skular.

For meg er det viktig å arbeide for ein offentleg skule som alle elevar skal kunne kjenne seg heime i og vere trygge i, og som foreldra ynskjer å sende borna sine til. Etter mitt syn gjev skulen solid og verdiforankra oppseiding og opplæring, med forankring i kristne og humanistiske verdiar og i nær kontakt og forståing med heimen. Nettopp i respekt for foreldra og det dei står for, har eg lagt stor vekt på dialog med heimen når det gjeld planlegging og praktisering av KRL-faget, med liberale fritaksordningar og vide rammer for lokal tilpassing.

Eg viser til at det er sett i gang evaluering av KRL-faget. Resultata er venta hausten 2000. Fram til evalueringsrapportane ligg føre vil eg halde fram gjeldande romslege praksis i forhold til faget. Eg ynskjer sterkt at dei aller fleste foreldra kan seie seg nøgde med det og delta i ein god dialog om innhald og metode i opplæringa. Samstundes har eg respekt for at einskilde foreldre kan kome til at dei ikkje vil gjere seg nytte av det nye fagtilbodet, og at dei m.a. av den grunn ynskjer private kristne skulealternativ for borna sine, i samsvar med det foreldre-rettsprinsippet som finst i internasjonale konvensjonar.

**Synnøve Konglevoll (A):** Dette var et svar som må tolkes. For det første sier statsråden at han er enig i vurderinga av at dette nye faget er en årsak til at mange flere ønsker private skoler, men samtidig argumenterer han med at det er såpass liberal praksis at det ikke skulle være noen grunn til det. Jeg vil ta meg den frihet å påstå at en av årsakene til at det nå er så stor søkning om å få etablere private skoler, er at Regjeringa står for en annen og langt mer privatiseringsvennlig politikk enn det de foregående regjeringer har gjort.

La meg stille spørsmålet litt annerledes: Kan statsråden bekrefte at Regjeringa ønsker flere private skoler? Og er statsråden enig i at det i denne uttalelsen som statssekretæren kom med, om at mange kristne foreldre har vanskelig for å godta KRL-faget, ligger en kritikk av KRL-faget, siden mange foreldre ifølge statssekretæren ikke ønsker at barna skal få undervisning i dette faget?

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg er ikkje samd med representanten Konglevoll i at det ligg ein kritikk av KRL-fa-

get i denne utsegna. Det som statssekretær Totland har gjort, er å omtale den realiteten at det er ein del foreldre – ikkje mange, men ein del – som har brukt KRL-faget som grunngeving for at dei ynskjer å etablere ein kristen skule. Så det er ikkje noko standpunkt, det er ei registrering, og eg prøvde i mitt første svar å gjere nokså god greie for at eg ikkje er samd i den vurderinga. Eg meiner at det nye faget ivaretek foreldra sine interesser på ein god måte i forhold til respekt for deira livssyn. Men når nokre få av dei til sjuande og sist vurderer dette annleis enn statsråden gjer, så respekterer eg at dei etter den lova som vi har, skal få høve til å etablere eit privat tilbod.

## S p ø r s m å l 26

**Marit Nybakk (A):** Jeg har tillatt meg å stille følgende spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«Ifølge avtale har elever i videregående skole rett til fri et gitt antall timer for å drive organisasjonsarbeid eller politisk arbeid. Flere skoler regner imidlertid dette fraværet som en del av de 15 pst. som er grense for å få standpunktkarakter i et fag.

Mener statsråden en slik tolkning er riktig?»

**Statsråd Jon Lilletun:** Reglane om føring av fråvær er fastsette i forskrift til opplæringslova.

Det fylgjer av forskrifta at det ikkje skal først fråvær for opp til i alt 14 dagar i året når eleven har teke del i arbeid som tillitsvald i landsdekkjande organisasjonar eller elevorganisasjon på regionalt plan eller på landsplan. Forskrifta opnar òg for at eleven kan utføre organisert eller sjølvstendig studiearbeid, deriblant skuleadministrative gjeremål etter avtale med faglærer eller rektor, utan at dette vert rekna som fråvær. Alt anna fråvær skal først, men eleven kan då be om at grunnen til fråværet vert merka av på vitnemålet.

I forskrifta er det inga maksimumsgrense på 15 pst. for fråvær for å kunne få standpunktkarakter i eit fag. Det er heller ikkje mogleg å fastsetje ei slik grense frå sentralt hald. Det avgjerande er om eleven har vore til stades tilstrekkeleg til at læraren har grunnlag for å setje standpunktkarakter. Eg er kjend med at einskilde skular har fastsett ei slik 15 pst. fråværgrense i skulereglement og/eller ordensreglement. Dei 14 dagane som det ikkje skal først fråvær for, vert i slike høve ikkje rekna inn i denne prosenten.

Sjølv om eleven har vore fråværande utover ein eventuell 15 pst. fråværsprosentgrense fastsett av skulen, kan han eller ho ha krav på standpunktkarakter.

Eg ser det som viktig at skulen legg til rette for at elevar i den vidaregåande skulen tek del i organisasjonsarbeid og politisk arbeid. Det sentrale både ved praktiseringa av fråværsregelen i forskrifta og ved eventuell prosentgrense for fråvær fastsett i skulereglementet eller ordensreglementet, er om eleven har vore såpass mykje til stades under undervisninga at læraren har grunnlag for å setje karakter i faget. Dette må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle, m.a. med omsyn til korleis opplæringa er organisert og til kva tid eleven har vore borte.

Eg vil avslutte med å framheve at ein elev har krav på standpunktarakter dersom læraren har tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere eleven i faget.

**Marit Nybakk (A):** Jeg vil takke for svaret og presisere at det er forskjell og må håndteres forskjellig når en elev har fravær på grunn av sykdom eller andre grunner, og når en elev tar ut fravær i henhold til disse bestemmelsene. Formuleringen i § 4-28 i forskrift til opplæringsloven kan ikke være til å misforstå. Det fraværet en elev i videregående skole tar ut for å drive politisk arbeid, avgrenset oppover til i alt 14 dager, skal for det første ikke føres som fravær, og for det andre søkes kompensert ved egeninnsats fra eleven som skal tilrettelegges av skolen. Det vil si at skolen faktisk har ansvaret for å påse at eleven får de samme kunnskapene selv om han eller hun har vært borte av organisasjonsmessige årsaker. Det betyr også at man ikke kan si at eleven ikke skal få standpunktarakter om han eller hun har tatt ut de 14 dagene. Jeg vil be om at statsråden gjør dette klart både for fylkeskommunene og de enkelte skolene. Det finnes skoler, bl.a. i Oslo, som praktiserer dette.

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg deler heilt ut den tolkinga som representanten Nybakk gav av denne paragrafen. Dersom det er slik at ein praktiserer dette på den måten som representanten Nybakk no sa, skal eg syte for at vi ved neste naturlege høve i samband med informasjon ut til skulane skal ta med ei presisering i forhold til dette.

#### S p ø r s m å l 27

**Rolf Reikvam (SV):** Jeg har følgende spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«Skolens formålsparagraf slik den er formet i dag, er ikke i pakt med en forståelse av skolen som enhetsskole for barn av alle religioner og livssyn. Det er biskop Gunnar Stålsett som uttaler dette på en konferanse i regi av Verdikommisjonen.

Er statsråden enig med biskop Stålsett, og vil han ta initiativ til en debatt om en ny formålsparagraf som sikrer skolen et verdimeslig og oppdragende grunnlag, og som heller ikke kan tolkes som et signal om avkristning?»

**Statsråd Jon Lilletun:** Formålsparagrafen i skulen har vore drøfta i Stortinget ved ulike høve dei seinare åra, fyrst og fremst i samband med behandlinga av grunnskulereforma, Innst. O. nr. 95 for 1996-97, og av forslag til ny opplæringslov, Innst. O. nr. 70 for 1997-98. Eit hovudspørsmål i vurderingane og debattane var forholdet mellom formålsparagrafen og viktige folkerettslege plikter. Sentralt i samanhengen stod ei utgreiing frå folkeretts-eksperten Erik Møse, som etter ein grundig gjennomgang av saka konkluderte med at formålsparagrafen «neppe i seg selv strider mot menneskerettighetskonvensjonene».

Fleirtalet i Stortinget slutta seg ved begge høve til denne vurderinga og gjekk inn for å føre vidare gjeldan-

de formålsparagraf, seinast ved behandlinga av ny opplæringslov våren 1998. Slik eg tolkar det, har altså fleirtalet lagt til grunn at formålsparagrafen ikkje er i strid med forståinga av skulen som einskapsskule for barn av alle religionar og livssyn.

Eg deler desse vurderingane og meiner at vi gjennom gjeldande formålsparagraf sikrar skulen ei trygg verdi-forankring og eit solid grunnlag for oppseding og opplæring. Eg legg til grunn at praktiseringa av formålsparagrafen skal skje i nær forståing med heimen. Skulen skal vere inkluderande og vise respekt for ulike kultur-, trus- og verdioppfatningar. Opplæringa skal gje kristen og moralsk oppseding, forankra i kristne og humanistiske verdier. Kristendomen utgjer ein djup straum i saga vår og er ein sentral del av den norske og europeiske kulturarven. Samtidig er dei humanistiske verdiane, representerte ved demokratiske og menneskerettslege prinsipp, ein naturleg og integrert del av verdigrunnlaget i skulen.

Spørsmålet om formålsparagrafen i skulen har i det siste ofte vorte knytt opp mot diskusjonen om faget kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering. Eg viser til at det er sett i verk eit arbeid med å evaluere dette nye faget, og at sluttrapporten frå evalueringsarbeidet er forventa klar hausten 2000. Ikkje minst på grunn av dei nære koplingane mellom formålsparagrafen og KRL-faget er det etter mitt syn både uklokt og urett å reise ein debatt om formuleringane i gjeldande formålsparagraf no, i forkant og uavhengig av den debatten som vil kome om KRL-faget på grunnlag av evalueringa.

**Rolf Reikvam (SV):** Jeg takker for svaret. Statsråden og jeg er nok stort sett enige om kristendommens plass i det norske samfunn, slik vi ønsker den skal være. Men jeg er litt skuffet over at han stort sett bruker tiden på historien – hva som har skjedd, og de debattene vi har hatt tidligere om den kristne formålsparagrafen i skolen. Jeg skulle ønske at vi hadde en viss vilje og evne til å tenke framover. For vi står overfor en del nye utfordringer i tiden framover, og det er viktig at vi starter debatten om dette ganske tidlig. Sannsynligvis står vi foran en avvikling av statskirkeordningen om ikke så veldig lenge. Kirken foretar selv en utredning, og det er grunn til å anta at det vil skje noe. Vi kan bare se til Sverige, og vi har en del erfaringer fra lignende saker, så det er grunn til å tro at det vil skje endringer. KRL-faget har vært et problem, det er skapt en del konflikter mellom ulike kulturer som vi har tatt med oss og fått inn i skolen og fått demonstrert tydelig der. Så jeg skulle nok ønske at statsråden viste en større vilje til å se fremover og se på utfordringene vi står overfor og de endringene som skjer i samfunnet for øvrig.

**Statsråd Jon Lilletun:** Eg ser det slik at det var ei svært god grunngeving for å gje ei kort historisk beskriving her, for det er berre nokre få år sidan akkurat den problemstillinga som representanten Reikvam reiste, nemleg formålsparagrafen kontra internasjonale konvensjonar, var sentral i den debatten, og det var ein vesentleg premiss, slik representanten Reikvam reiste spørsmålet no. Difor meiner eg det var god grunn til det.

Det er klart at eg er samd med representanten Reikvam i at vi skal sjå framover. Vi lever i ei ny tid og i eit meir fleirkulturelt samfunn. Det må òg utleie at vi er i stand til verkeleg å leve opp til den siste delen av den same formålsparagrafen, at vi skal oppdra til åndsfridom og toleranse. Men eg trur at det å ta vare på den tusenårige arven vår, også gjev eit godt grunnlag for å ta vare på forholdet til andre kulturar og til dei nye framtidsutfordringane.

#### S p ø r s m å l 28

**Sverre Myrli (A):** Jeg vil stille følgende spørsmål til samferdselsministeren:

«I forbindelse med planene om å slå sammen Stor-Oslo Lokaltrafikk (SL) og Oslo Sporveier har statens representanter i styret i SL framsatt en protokolltilførsel hvor de sier at den framforhandlede fusjonsavtalen ikke er bra nok.

Er statsråden klar over dette, er han enig med statens representanter, og er han dessuten klar over at dette kan velte planene om å opprette et felles kollektivtransport-selskap i hovedstadsregionen?»

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Planarbeidet om et felles trafikkelskap i Oslo og Akershus har pågått i flere år. Når styret i selskapene nå har klar en fusjonsavtale, er det viktig at denne kvalitetssikres også innenfor kommune, fylkeskommune og stat. Protokolltilførselen fra statens representanter er ment å være et bidrag i denne retning.

Protokolltilførselen fra statens representanter i SL-styret åpner med å uttrykke tilfredshet med at styremedlemmene fra Oslo Sporveier AS og Stor-Oslo Lokaltrafikk a.s hadde fremforhandlet forslag til fusjonsavtale. Jeg er også tilfreds med at man har kommet så langt.

Spørsmålene som ble reist, berører problemstillinger som er relevante i forhold til statlig myndighetssansvar og lovgivning. Jeg er opptatt av at spørsmålene blir besvart på en god måte, og vil bidra til at dette blir gjort. At et slikt forarbeid skal kunne velte planene om et felles kollektivtransport-selskap, finner jeg lite sannsynlig og lite ønskelig.

**Sverre Myrli (A):** Etter å ha hørt på samferdselsministeren må jeg si at det velkjente uttrykket «god dag, mann – økseskaft» fikk en ny betydning for meg.

Jeg tok opp tre problemstillinger i spørsmålet mitt, og samferdselsministeren var knapt inne på en av dem. Dette har det lenge vært jobbet med. I 1994 tok staten initiativ til at staten skulle gå ut på eiersida i Stor-Oslo Lokaltrafikk. Og så sier statens representanter i SL-styret at «den valgte organisasjonsmodell ... kan skape uklarheter til gjeldende lovgivning og praksis i inn- og utland».

De sier videre at

«styrerepresentasjon fra staten i det fusjonerte selskap bør vurderes».

Altså stikk i strid med det staten har sagt i årevis!

Da stiller jeg spørsmålet på nytt: Mener staten, ved samferdselsministeren, det statens styrerepresentanter sier? Og kan samferdselsministeren nå garantere – for å feie all tvil til side – at staten ikke vil stikke kjepper i hjula for å få på plass fusjonen?

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Jeg mener jeg svarer på alle tre spørsmålene i det korte svaret jeg gav.

Det som ble referert fra representanten Myrli side, er en del av protokolltilførselen. Men jeg har allerede gitt beskjed om og klargjort at det var en positiv vinkling og innledning på hele avtalen.

Både representanten Myrli og jeg er avhengig av at vi følger den lovgivning som gjelder både for kommune, fylkeskommune og stat. Det er det protokolltilførselen ønsker å avklare. Jeg er opptatt av at de spørsmålene som reises i protokolltilførselen, blir besvart på en god måte. Jeg skal bidra til dette. Jeg ser det ikke som sannsynlig og heller ikke ønskelig at fusjonen på noen måte forsinkes eller er i fare. Staten har bidratt sterkt de siste årene for å få dette på plass.

#### S p ø r s m å l 29

**Liv Marit Moland (A):** Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til samferdselsminister Dag Jostein Fjærvoll:

«Vegvesenet i Aust-Agder har søkt Vegdirektoratet om tillatelse til å sette opp en såkalt «enkel svensk midtrabatt» på E18 ved Rannekleiv – Temse, og har også søkt om dekning av utgifter til arbeidet på 15 mill. kroner. Søknaden ble sendt i august 1999, men de har ennå ikke fått svar fra Vegdirektoratet.

Hva er statsrådets holdning til denne søknaden, som kan være et viktig tiltak for å bedre trafiksikkerheten?»

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Det pågår nå utbygging av ny europaveg mellom Arendal og Grimstad. Vegen skal etter planen åpnes for trafikk høsten 2000. Vegen bygges, i tråd med gjeldende vegnormalstandard for stamveger, som tofelts motorveg klasse B med plan-skilte kryss. I tillegg får begge kjøretningene egne for-bikjøringsfelt på deler av strekningen. Dette innebærer at om lag halve parsellen bygges som trefelts veg.

Når vegen tas i bruk, vil denne delen av Aust-Agder få et moderne vegsystem med bl.a. sikre kryss og med muligheter for forbikjøring uten å benytte motgående kjørefelt.

Etter Vegdirektoratets vurdering gir ikke investerings-situasjonen for prosjektet for 1999 og 2000 rom for kostnadsøkende tiltak. Inndekning av kostnader ved iverksetting av eventuelle ytterligere tiltak i dette prosjektet må skje ved å utsette deler av fylkets øvrige trafiksikkerhets-tiltak. Vegdirektoratet avslo derfor i brev av 10. november 1999 søknaden om å sette opp midtdeler på strekningen.

Jeg aksepterer Vegdirektoratets avgjørelse. Jeg ser det som viktig at tiltak som er spesielt rettet inn mot å bedre trafiksikkerheten, som kryss- og avkjørselsutbedringer,

bygging av fotgjengerunderganger mv., ikke blir skadelidende andre steder i fylket.

I Norge er det ikke praksis for å benytte fysisk skille mellom kjøreretningene på denne type vegger. Samferdselsdepartementet bad Vegdirektoratet tidligere i år om å følge med i de forsøkene som gjøres i Sverige med midtdeler på enkelte to- og trefelts vegger. Samferdselsdepartementet vil i samarbeid med Vegdirektoratet vurdere eventuelle lignende tiltak i Norge. Denne saken vil Samferdselsdepartementet komme nærmere tilbake til.

**Liv Marit Moland (A):** Jeg takker samferdselsministeren for svaret. Statsråden har selv vært en frontfigur når det gjelder å framheve trafikksikkerhet som et satsingsområde framfor å bygge nye veier.

E18 fra Oslo til Stavanger har svært stor trafikkthet og har dessverre en tragisk rekord i antall dødsfall i trafikken. Den rekorden ligger i Aust-Agder. Denne veien bør nå prioriteres i forhold til ulykker som kan forebygges. Frontkollisjoner er nesten den største ulykkesårsaken. Dette kan best forhindres ved en fysisk midtrabatt. E18 kan bli et godt forsøksprosjekt, der den fysiske midtrabatten inngår som en del av et slikt prosjekt. I Aust-Agder har vi hatt et forsøk med nedsatte fartsgrenser uten økte fartskontroller, uten at det har ført til gunstigere statistikk når det gjelder antall dødsfall. Vi kan øke forsøksverdien ved å legge til rette for en forenklet midtrabatt og gjøre våre egne forsøk for økt trafikksikkerhet.

Når vil samferdselsministeren komme tilbake til saken, og vil han være villig til å prioritere sikkerheten på E18?

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Statsråden kan bekrefte at han vil prioritere trafikksikkerheten på E18.

Jeg innrømmer klart at dette prosjektet er på et stadium der det er vanskelig å endre planer som synes rimelig gode. Og når jeg sier rimelig gode, er det fordi det her er en blanding av tofelts og trefelts vegger, der det er tatt nødvendige hensyn til avkjøringsmuligheter og passeringmuligheter. Når man går inn i det, synes det å være et godt prosjekt.

Jeg er imidlertid opptatt av å høste erfaringer fra det svenske prøveopplegget, og jeg har behov for å nevne at Vegdirektoratet i sitt forslag til plandokument har uttalt at midtdeler på to- og trefeltsveger vil bli vurdert. I den forbindelse har departementet i sitt arbeid med plandelen bedt direktoratet om en nærmere redegjørelse for på hvilket grunnlag de vil anbefale etablering av slike midtdeler samt en redegjørelse om de foreløpige resultater fra Sverige. Så spørsmålet medfører oppfølging og vil konkret bli forelagt Stortinget på et senere tidspunkt.

### S p ø r s m å l 3 0

**Jan Simonsen (Frp):** Jeg vil gjerne stille følgende spørsmål til samferdselsministeren:

«I Norge blir døve nektet førerkort i klasse D1, blant annet med henvisning til EØS-regler. I Danmark er problemet løst ved at minibusser som skal føres av døve, gi-

dispensasjon fra forskriftene dersom man benytter noen ekstra speilordninger.

Vil statsråden ta initiativ til å innføre tilsvarende ordning som i Danmark også i Norge?»

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Jeg viser til at spørsmålet om hvorvidt døve i Norge vil bli gitt adgang til å erverve førerkort i tyngre klasser, tidligere er tatt opp ved en rekke anledninger, senest i spørretimen 3. mars i år. Også den gang ble det i spørsmålet henvisning til forskjell i praktisering mellom Norge og Danmark.

Jeg viser derfor til tidligere redegjørelse for regelverket, herunder at det er tillagt nasjonale myndigheter å fastsette krav til hørsel i forhold til utstedelse og fornyelse av førerkort i de tyngre klassene. Kravene skal fastsettes på bakgrunn av uttalelser fra kompetent medisinsk myndighet, som i Norge er Statens helsetilsyn. Av Helse-tilsynets retningslinjer fremgår det bl.a. at det av hensyn til passasjersikkerheten bør stilles strenge krav til sansevne hos fører av buss og minibuss.

Helsebestemmelsene i førerkortforskriften er fastsatt ut fra trafikksikkerhetsmessige hensyn. Dette er hensyn som må tillegges stor vekt i praktisk politikk. Med henvisning til de trafikksikkerhetsmessige vurderinger som er foretatt av Statens helsetilsyn, ser jeg derfor ikke tilstrekkelig grunnlag for å ta initiativ til endringer av gjeldende praktisering.

**Jan Simonsen (Frp):** Ettersom statsråden svarte at regelverket er tillagt nasjonale myndigheter, er det altså fastslått at det er muligheter for norske myndigheter til å endre regelverket slik at døve får anledning til å kjøre minibuss. Det ønsker altså ikke samferdselsministeren å ta noe initiativ til. Han viser til at Helsetilsynet mener at det er behov for strenge krav til sansevne. Nå er det jo slik at mange hørende har ganske høy musikk i bilen og blir forstyrret av så mye, mens døve utvikler andre sansevner bedre som kompensasjon for den sansen de dessverre har mistet.

Jeg føler at det er uverdigg og urimelig å frata døve retten til å kjøre minibuss, og jeg finner statsrådets svar fornærmende overfor det norske døvemiljøet.

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Det er ingenting som kunne falle statsråden mindre inn enn å fornærme noen som helst, og slett ikke de døve.

Jeg har vist til hvorfor Statens helsetilsyn har laget dette regelverket, hvorfor de forholder seg til det, de trafikksikkerhetsargumenter som brukes, og ikke minst at passasjertrafikksikkerheten er vesentlig.

Jeg er imidlertid enig med representant Simonsen i at man i biltrafikken nå har fått så mange forstyrrende elementer at det må gjøres noe med det. Derfor ligger det en odelstingsproposisjon om dette til behandling i samferdselskomiteen. Hvis avgivelsen av innstillingen kommer rimelig raskt, vil vi være i stand til å iverksette disse reglene fra nyttår, slik at det blir tatt hensyn til det som forstyrrer trafikken også på det området.

For øvrig viser jeg til det brev som ble sendt fra meg til Norges Døveforbund så sent som 8. oktober i år, med utdyping av saken.

### S p ø r s m å l 3 1

**Eirin Faldet (A):** Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til samferdselsministeren:

«Da familien skulle ta imot sin sønn som omkom i togulykke i England for en tid tilbake, måtte det holdes minnestund på parkeringsplassen på Gardermoen. Det ble da avdekket at det mangler eget rom for de pårørende, som i dyp sorg må ta imot sine kjære i kiste på Gardermoen. Det burde være mulig å finne et egnet rom der de pårørende kan få holde en minnestund og være sammen med hverandre.

Vil statsråden sørge for at dette ordnes så snart som mulig?»

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Jeg kan opplyse at Oslo Lufthavn Gardermoen som første norske flyplass har en egen flyplassprest, og at det i passasjerterminalen er avsatt et eget «stille rom».

Det er imidlertid ikke avsatt spesielle rom til avholdelse av minnestunder i noen av de fire terminalene på flyplassen. Flyplasspresten har vurdert det slik at det er begrenset behov for denne type minnestunder.

Luftfartsverket opplyser at internasjonale regler setter begrensninger for i hvilken grad det kan avholdes minnestunder på flyplasser. Likevel har flyplassledelsen og transportselskapene nå satt i gang et arbeid med å finne et egnet sted for å avholde minnestund når det er ønsket.

**Eirin Faldet (A):** Jeg vil takke for svaret, som er positivt i forhold til det videre sorgarbeidet. Det er faktisk over 200 kister som tas imot på Gardermoen, og det skulle tilsi at vi må gi de pårørende denne muligheten. Det hjelper verken med prest eller «stille rom» hvis det ikke er mulighet for å avholde en minnehøytid. Jeg er derfor glad for at det nå blir gjort noe med denne saken, slik at vi kan bli spart for uverdige forhold.

### S p ø r s m å l 3 2

**Inger Lise Husøy (A):** Jeg vil stille følgende spørsmål til samferdselsministeren:

«Uregistrerte biler som av ulike årsaker er hensatt på gateplan på ubestemt tid, er et stort problem i Oslo. Det er særlig ille etter snøfall. Trafikketaten i Oslo kommune kan lite gjøre på grunn av manglende lov hjemmel. Det er reist tvil om hvilket departement som er ansvarlig.

Vil statsråden foreta seg noe for å hjelpe kommuner som sliter med slike problemer?»

**Statsråd Dag Jostein Fjærvoll:** Problemstillingen er tidligere tatt opp bl.a. i spørsmål nr. 88 og 290 til skriftlig besvarelse i 1998, og jeg viser til den redegjørelse som da ble gitt for gjeldende regelverk.

